


Normann sykla frå Alta til Bergen - måtte bremse i Alver



Normann Natland har sykla dei 2200 kilometrane mellom Alta og Bergen for Besteforeldrenes klimaaksjon. Foto: Synne Grimen Hammervoll

 Av [Synne Grimen Hammervoll](#)

03. juli 2020, kl. 19:45 

Normann Natland sin tur frå Alta har tatt femti dagar, og gått føre seg på to hjul.

DEL



Etter eit fire månaders opphald i Alta, starta Normann Natland frå Sandsli i Bergen på heimturen 10. mai.

1. juli kom han i mål i Bergen. Då hadde han sykla 2200 km. Undervegs har han overnatta hovudsakleg i telt eller under open himmel.

– Då eg starta var det framleis snø og høge snøfonner. Eg sov i fjøresteinane for det var berre der det var bart. Og så måtte eg skunde meg og stå opp før floa kom, seier han.

Med seg på den fleire veker lange turen hadde han ikkje meir enn han fekk plass til på sykkelen. Ei side av sykkelveska inneheldt klede, den andre mat og stormkjøkken. På toppen av brettet låg soveposen og teltet.

– Ein treng ikkje meir enn det, seier han.

Måtte ta pause i Nordhordland

Natland var komen til Nordhordland allereie måndag, men vart bedt om å ikkje komme til Bergen før 1. juli. Då skulle det nemleg vere eit opplegg i Bergen, for å ta imot han ved heimkomsten etter den lange reisa.

Han overnatta difor eit par netter i telt på Frekhaug, der han har slektningar, før han sette i gong på siste etappe. Natland er også kjent i området frå før, etter å ha hatt hytte på Flatøy tidlegare.

Frå Nordhordland valde han den sceniske ruta, og sykla om Salhus.

– Det er fleire bakkar, men det er ein mykje finare tur, seier Natland.

Akkurat dette med bakkar har vore eit gjentakande spørsmål han har blitt møtt med på turen. Mange lurar på om ikkje sykkelturen er tung.

– Klart det er tungt, men «so what»? Eg må opp den bakken, eller gjennom den tunnelen. Eg kan ikkje gjere noko med det. Så fortel eg heller meg sjølv at når eg er oppe, kan eg finne meg ein fin teltplass, seier han.



Normann Natland har sykla i femti dagar frå Alta til Bergen. Foto: Synne Grimen Hammervoll

Syklar for klimaet

Turen har han gjort som ein del av Besteforeldrenes klimaaksjon, ein forening som vil ha ein meir forsvarleg klimapolitikk for dei neste generasjonane sin del.

Natland ville vise at ein kan greie seg med mindre, og at ein kan komme seg

langt utan å bruke fossil kraft.

– Eg har ikkje brukt eitt gram med fossil kraft på framkomst på denne turen, med unnatak av nokon av ferjene.

Natland meiner at ting byrja å skeie ut med hans generasjon. Husa skulle vere større, ein skulle ha fleire og større bilar, og gjerne båt og stor hytte i tillegg.

Han fortel at han sjølv er skuldig i dette. Huset han overtok etter faren bygde han på. Der det tidlegare hadde budd fem personar på to soverom, hadde hans eigen familie fleire soverom enn det var folk i huset.

– Kva avtrykk er det vi legg igjen, spør han.



LES OGSÅ

Utkant-sjefen med overrasking: - Vi gjer det for å skape liv og røre

Har ikkje vaska sokkane på fleire veker

På den lange sykkelturen, har han hatt mål om å spreie budskapet.

– Eg ville tenne ein fakkell nedover kysten, seier han

Han meiner folk må sykle meir, anten det er til butikken, til jobb eller til ungane sine fritidsaktivitetar. Sjølv fortel han at då han budde 10 kilometer unna jobben, pleidde han å sykle, jogge eller gå dit.

– Vi beveger oss for lite, og vi har brukt for mykje av det fossile.

– Livsstilen betyr noko. Og barna lærer av foreldra. Dei er apekattar.

Forbruket må rett og slett ned, meiner han, og noko kan gjerast med enkle grep.

– Ein treng ikkje vaske klede etter kvart bruk, seier han, og held fram:

– Desse sokkane har ikkje vore vaska sidan eg starta på turen. Ull er tingen.

Dei yngste meir positive til klimaaksjonen

Undervegs har han blitt møtt med både semje og usemje. Han har delt ut brosjyrar frå Besteforeldrenes klimaaksjon, og har merka seg forskjellar i generasjonane.

– Dei unge blir glade og vil levere til besteforeldrene sine. Men det er forskjell mellom dei og menn i 50-åra. Dei blir gjerne sure, seier han.

Han trur det har mykje med kva ein er oppteken av å gjere, og at mange er redde for arbeidsplassane sine når fokuset på klima endrar seg.

Natland har også merka seg noko anna hjå dei yngste.

– Om eg spør kva dei vil gjere i ferien, er det ingen som seier dei vil langt vekk. Dei vil besøke besteforeldre eller leike med vener. Dei ønsker nærleik til dei dei er glade i, seier han.

Han meiner at foreldre og besteforeldre må ta med ungane på aktivitetar i nærområda.

– Ein kan ta dei med på turar, overnatte i telt, og reise med sykkel. Så lenge ein har moglegheita bør ein ha det gøy i naturen.



LES OGSÅ

**Stenger Bryggen og Torget for trafikk:
Stengepunkta blir bemanna døgnet rundt**



LES OGSÅ

**Denne veka opna aktivitetsanlegget på
Manger: - Eg er stolt og glad**

Lik Avis Nordhordland på Facebook




Lik dette


11k personar likar dette. [Registrer deg](#) for å sjå kva venene dine likar.

Les meir om: [Nyhet](#) [Folk](#) [Klima](#) [Sykkel](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker





Feira opning av BUA Manger: - Nesten for godt til å vere sant



Merete har jobba med reinhald i over 20 år: - Aldri hatt ei så stor utfordring som no



Frå rektor til gartner: - Kjempespennande!



Oppgitt lesar: - Ingenting anna enn tre!



Roar (44) og Kenneth (30) skal drive Europris Lindås: - Kundane skal få ei fantastisk oppleving

Kommentarer til denne saken



Til toppen

nh nordhordland

Adresse: Kvernhusaugane 12. 5914 Isdalstø • Ansvarlig redaktør: Trond Roger Nydal
• [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#) • [Redaktørplakaten](#) • [PFU](#)
• nordhordland.no vert lagra regelmessig av Nasjonalbiblioteket. Nettsida vil bli gjort tilgjengeleg som kildemateriale for forskning og dokumentasjon
• Tipstelefon: [916 20 916](#) • Sentralbord: [56 35 55 55](#)

© 2020

